

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/7242-2

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit 2014 - Deloitte AS

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek «vurderinga av uavhengigheit» frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS til etterretning.

Vedlegg:

- Brev frå Deloitte AS, datert 30.10.2014, «Vurdering av uavhengigheit»

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I samsvar med forskrift om revisjon § 15 skal den som føretek revisjon i fylkeskommunen vurdere sin uavhengigheit. Det står i forskrifta:

«Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og elles ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget»

Kravet til uavhengighet og objektivitet gjeld både revisor og revisor sine medarbeidarar. Føresegna om dokumentasjon gjeld berre oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon er Stein Ove Songstad, Deloitte AS.

Kontrollutvalet har motteke vurdering av uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune frå Stein Ove Songstad, Deloitte AS datert 30. oktober 2014.

2. Vurderingar og konsekvensar

Den mottekne egenvurderinga av uavhengigheit frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor inneheld ei vurdering basert på krava om uavhengigheit i kommunelova § 79 og i forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

Kontrollsjefen er av den oppfatning at vurderinga dekker kravet i forskrift om revisjon § 15 om dokumentasjon av uavhengigheit og at det ikkje er noko i vurderinga som vil svekke tilliten til revisor.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen råer kontrollutvalet til å ta eigenvurderinga av uavhengigheit frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i Deloitte AS til etterretning.